



Støvlane med blomar er eit sentralt element i pyntinga

**Pyntegruppa har starta arbeidet med å profilera og synleggjera Festidalen. Dette gjeld ikkje minst i sentrum og langs fylkesvegen gjennom bygda. Med enkle verkemidlar er pyntinga ein del av Festidalen sitt omdøme og varemerke.**

Det er lagt dukar på borda ved Infotavla. På stolpane finn vi støvlar med blomar. Ved innkøyrsla til sentrum finn vi godt synlege plakatar med artistnamna på. På Sandabakkane ruvar bonden i kjeladressen sin. Dette er noko av det vi har registrert. Meir vil koma til.



[Den profilerte bonden er lett synleg på Sandabakkane](#)

Festivalleinga er godt nøgd med pyntegruppa. Her finn vi sterke namn som veit kva so skal til for å skapa merksemd og trivsel. Desse er med i gruppa: Catrine Haugland, Gina Hella Berge-Soldal, Margun Eik, Therese H. Bondhus og Signe Schineller.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Dukar på alle borda ved Infotavla